

Årsmelding for Herand Kvinne og Familielag 2018 :

3. januar : Medlemsmøte heime hjå leiaren i laget Marit Samland.

10. januar : Ansvar for kaffistund på Vikevollen. (Jondal alders og sjukeheim).
Allsong etter tonar frå fint pianospel av Haldor Tuvin.

7. februar : Ansvar for kaffistund på Vikevollen. Sarah Marie Røstbø spelte fine melodiar på piano, og bebruarane og me song med på nokon av dei.

7. februar : Årsmøte i gamlestova på Tveite.

27. februar : Me samlast på Tveite for å planlegge Marsmøte.

7.mars: Ansvar for kaffistund på vikevollen med underhaldning av Kristine Drake.

8. mars : Me skipa til Marsmøte i matsalen på Herand Kulturhus. Som vanleg inviterte me damene i Jondal Kvinne & Familielag, pluss damene frå det nedlagde laget på Kysnes, men i år annonserte me med ope møte og om lag 30 damer møtte til ei hyggestund med mykje god mat og prat. Solveig Marie Huus spelte eit par slåttar til oss på fele. Sarah Marie Røstbø hadde ein minikonert på piano. Liv Bente Steiro som driv nettbutikk i dei gamle barnehagelokala, fortalde om opphaldet sitt i Etiopia, og om målsetjinga med verksemda si Libe Etisk Mote. Ho stelte ut nokon av produkta sine som det var høve til å kjøpa.

13.-14. mars : Teatertur til Bergen for å sjå Kristin Lavransdatter med Herborg Kråkevik.

4. april : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.
Lurveleven spelte opp til underhaldning og allsong.

11. april : «På leit etter våren». Tur på Mælavegen ilag med «onsdagsturdamene».

28. april : Bygdedugnad i regi av Herand Bygdelag.
Tradisjonen tru serverte me heimelaga graut og kaker til heile dugnadsgjengen i Bedehuset.

2. mai: Ansvar for kaffistund på Vikevollen. Marit Grethe Bru fortalde frå gamledagar.

30. mai : Ansvar for kaffistund på Vikevollen. Una Eiken underhaldt med fint fløytespel.

27. juni : Sommaravlutning på Vikevollen. Samarbeid mellom Frivilligsentralen og Jondal og Herand Kvinne og Familielag.

28. august : Tur til musèet på Utne for å sjå på den imponerande bringeklut utstillinga.
Enkel og god lunsj i trivelige lokaler på musèet.

5. september : Sesongstart i gamlestova på Tveite.

19. september : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.
Marit Grethe Bru song, spelte gitar og fortalde frå gamledagar.

1. oktober : Ansvar for kaffimat på Eldredagen som vart skipa til i matsalen på Herand Kulturhus i regi av Eldrerådet i Jondal.

10. oktober : «Plastmøte» heime hjå Bjørg Huus der me diskuterte korleis me kan redusera plastbruken vår.

14. oktober : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.

Tiril og Una Eiken underheldt med fine tona på gitar og fløyte.

28. november : Adventsmøte i gamlestova på Tveite.

Me laga juledekorasjonar under rettleiing av leiaren vår Marit Samland.

6. desember : Jondal og Herand Kvinne og Familielag samarbeidde om adventstund på Vikevollen. Stort frammøte, harmonisk stemning, gode julekaker mm, flott pianospel av Haldor Tuvin og triveleg allsong. Etterpå samlast medlemmene frå begge laga til god middag og ei hyggestund i eit fint og julepynta eldhus på Vassel Gard i Herand.

Skrivar Marta Bergstø.